

Stopp krig- føringa!



SV

sv.no/bli-medlem

Stopp krigføringa!

Sidan 7. oktober har israelske angrep på sivile på Gazastripa nådd eit nivå verda aldri tidlegare har sett, og talet på drepne aukar for kvar time. Over 70 % av dei drepne er kvinner og barn. Ifølgje Røde Kors dør eitt barn kvart kvarter, og FN melder at over 1,9 millionar palestinarar er på flukt internt på Gaza – over halvparten av dei er barn.

Hamas sitt brutale terrorangrep utløyste den siste valdsbølga frå Israel. I samsvar med folkeretten har Israel rett til å forsvare seg, men ikkje til gjere kva som helst. Okkupasjonen og blokaden av Gaza har allereie vart i mange år. Derfor var også den humanitære situasjonen på Gaza prekær når angrepa starta. No er det ein katastrofe.

Fleire hundretusen menneske lever no i kulda utan husly og grunnleggjande infrastruktur, med elendige sanitære forhold der sjukdommar blir spreidde fort. Vi krev at all nødvendig nødhjelp og hjelpeorganisasjonar omgåande må sleppast inn. I tillegg må Israel også stoppe dei brutale angrepa.

Vi krev varig våpenkvile og slutt på den forferdelege krigføringa no.

Sosialistisk Venstreparti

Hagegata 22, 0653 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Meld deg inn
i SV her:

